

Nærings- og fiskeridepartementet
Postboks 8090 Dep
0032 OSLO

Dato	25.10.2024
Vår referanse	2024/50557-3
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Endre Korsøen
E-post	Endre.Korsoen@vlfk.no
Telefon	91764632

Vestland fylkeskommune - Uttale til høyring - Forslag til endring av regelverket for akvakultur på land

Vi viser til Dykkar brev av 26.08.2024, høyringsbrev om forslag til endring av regelverket for akvakultur på land. Saka vart handsama av Hovudutval for næring 15.10.2024 og Fylkesutvalet i Vestland 22.10.2024, og det vart fatta følgjande vedtak.

1. Vestland fylkeskommunen ber om at den mellombelse stansen i nye søknader om løyve til landbasert oppdrett av laks og aure vert oppheva.
2. Vestland fylkeskommune er positiv til forslaget om at det berre kan gjevast akvakulturløyve på land dersom anlegget ligg på fast grunn eller utfylte masser som ikkje er dekkja av vatn.
3. Vestland fylkeskommune er av den oppfatning at det ikkje trengs forskriftsfestast ytterlegare krav til geografisk plassering.
4. Vestland fylkeskommune meiner utvikling av nye teknologiar og berekraftig utvikling også må kunne skje i anlegg på land. Anlegg plassert på land i samsvar med forskriftsforslaget må kunne nyttiggjere seg av teknologi som gjev minst mogeleg løftehøgde på vatnet, og dermed lågare energiforbruk og kostnad.
5. Vestland fylkeskommune vil vise til at ein søknad om etablering av landbaserte anlegg vil krevje detaljreguleringsplan etter plan- og bygningslova og handsaming etter akvakulturlova. Dette vil ivareta kommunale, regionale og statlege interesser.
6. Vestland fylkeskommune meiner det er ein mangel med høyringa at konsekvensane av desinfikasjonskravet, både teknologisk og økonomisk, for matfiskanlegg med særst stort inntak av vatn ikkje er utgreia.
7. Vestland fylkeskommune meiner at eit eventuelt desinfeksjonskrav av inntaksvatn framleis kan vera ein del av vurderingane Mattilsynet gjer etter akvabiosikkerheitsforskrifta i den ordinære søknadsprosessen, og at det ikkje er behov for eit eige ufråvikeleg vilkår om desinfisering av inntaksvatn for alle anlegg på land. På den måten får ein ei betre vurdering av det konkrete behovet for det aktuelle området.

Kopi av saksframstillinga og utskrift av den politiske handsaminga ligg ved.

Med helsing

Endre Høgalmen
seksjonsleiar
NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

Endre Korsøen
seniorrådgjevar
NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift